



Førde kommune

Styre, råd og utval

Planutvalet
Bystyret

Møtedato

14.02.2013
28.02.2013

Saksnr

008/13
001/13

Sakshandsamar:

Helge Sæterdal

Arkiv:

FE-034

Arkivsaknr.:

12/2513

Omorganisering av grunnskulen i Førde kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.09.2012	Omorganisering av Førde skulen	83320
02.11.2012	Omorganisering av grunnskulen i Førde kommune	86635
26.11.2012	Merknad til Plan for utbyggin og utnytting av skulane i Førde 2013- 2020	88726
03.12.2012	Råkane	89285
07.02.2013	Merknader til Skulebruksplan.pdf	90039
17.12.2012	Høyringsuttale til Skulebruksplanen i Førde kommune.docx	90288
18.12.2012	Uttale til skulebruksplanen 2013-2020	90389
18.12.2012	Merknad til Skulebruksplan for Førde	90395
19.12.2012	Høyringsuttale frå tilsette på Frøysland skule	90509
07.02.2013	Høyringsuttale til Plan for omorganisering av grunnskulane i Førde etter høyring [1].doc	90537
20.12.2012	Krinsendring Førde kommune	90591
07.02.2013	Underskrifter i frå oss på Bruland - Krinsendring Førde kommune	90592
20.12.2012	Innspeil til skulebruksplanen.pdf	90610
20.12.2012	Høyringsssvar Viebakkane Bustadsameige.pdf	90613
21.12.2012	121220 Høyring skulebruksplan Slåtten skule FAU brv.docx	90655
07.02.2013	121220 Høyringsnotat frå FAU Slåtten skule til skulebruksplanen Førde Ko....docx	90656
21.12.2012	Høyringsuttale til framlegg til ny skulebruksplan 2013-20	90665
21.12.2012	Høyringsuttale til Skulebruksplan.pdf	90685
03.01.2013	Høyringsuttale til framlegg til ny skulebruksplan 2013 - 2020	90995
21.12.2012	Kommentar til plan for utbygging og utnytting av skulane i Førde 2013-2020	90700
21.12.2012	Høyringsuttale til plan for utbygging og utnytting av skulane i Førde 2013-2020	90701
21.12.2012	Høyringsuttale skulebruksplanen i Førde kommune	90703
28.12.2012	Høyringsuttale frå Frøysland skule	90800
04.01.2013	Kommentarar til brev av 18.12.2012 - innbyggjarar på Bruland	91178
07.02.2013	Høyringsuttale frå Holsen skule 2012..doc	91263
09.01.2013	Tilbaketrekking av underskrift	91564
09.01.2013	Tilbaketrekking av underskrift	91565
11.01.2013	Informasjonsmøte til foreldre busette på Bruland	91738
15.01.2013	Høyringsinnspel Skulebruksplan	91938
15.01.2013	Trekker underskrift - 12/2513-11	91964
07.02.2013	Førde kommune - endring av skulekrinsgrensene - Aksjonsgruppa på Viebøen.pdf	92861
07.02.2013	Førde kommune - endring av skulekrinsgrensene - Aksjonsgruppa på Viebøen.DOC	92860
30.01.2013	Samandrag av høyringsuttalane-skulebruksplan	93291
08.02.2013	Konsekvensar med lærarressursar i høve til dei ulike modellane	93965
08.02.2013	Oversyn over elevtal/fødselstal i Førde kommune, fødde 1995-2012	93966
08.02.2013	Spørsmål knyttet til opplæringslovens nærskoleprinsipp	93967
08.02.2013	Rundskriv - Behandling av saker om skolenedleggelsar og kretsgrenser	93968

14.02.2013	Brev frå FAU v/Angedalen Skule	94361
19.02.2013	VS: Angedalen Skule	94360
19.02.2013	Elevtalsutvikling.	94362
08.02.2013	Brev frå Camilla Grimeland	93975
19.02.2013	Supplerande opplysningar til Sak 01/13 Omorganisering av Grunnskulen i Førde kommune	94873

Bakgrunn for saka:

Vedtak av kommunedelplan for utbygging og utnytting av skulane i Førde i samsvar med PBL § 11-1.

Planen er ein av dei som skal rullerast saman med kommuneplanen for Førde kommune, og er ein del av planprogrammet for kommunen.

« Planprogrammet for plan for utbygging og utnytting av skulane i Førde « vart vedteke av bystyret i juni i sak 050/2012.

Oppgåver som skulle løysast i planen var:

1. Oppfølging av Bystyret sitt vedtak om at det skal sparast 2.125 mill på endring av skulestrukturen.
2. Organisere skulane slik at det er plass til alle elevane. Legge fram ulike modellar for korleis skulestrukturen kan vere i framtida. Dette inkluderer både barnesteget og ungdomsteget.
3. Sikre at elevane framleis får ei opplæring av høg kvalitet.

I arbeidet med denne planen er Opplæringslova § 8-1 og eleven sin rett til å gå på nærskulen sentral. Rundskriv Udir – 2-2012- «Behandling av saker om skolenedleggelse og kretsgrenser» er også eit sentralt dokument, og ligg vedlagt. Vedlagt ligg også brev frå Udir til Fylkesmannen i Buskerud datert 21.september 2009 er også vedlagt. Dette tek opp spørsmål knytt til opplæringslova sitt nærskuleprinsipp.

Planen er utarbeidd av rådmann, og vart lagt fram for Planutvalet 8.november. Planutvalet gjorde fylgjande vedtak i samband med at planen vart sendt på høyring:

«PLAN-085/12 Vedtak:

Planutvalet vedtek å legge « plan for utbygging og utnytting av skulane i Førde 2013-2020» dagsett 02.11.2012 ut på høyring. Høyringsfristen er frå 08.11.2012 – 20.12.2012.

Førde SP vil ha inn ein modell som inneber at vi tek heile Vieåsen sør til Førde barneskule, og beheld Slåtten og Angedalen kvar for seg. Og eventuelt sjå på kringrensene mellom Angedalen og Slåtten skule.

Det vert lagt inn ein ny modell E8: som er modell E4 minus 7. klassesteg som vert flytta til Førde barneskule.»

Planen låg ute til ettersyn i perioden 08.11.2012 til 21.12.2012. I denne perioden arrangerte kommunen 9 høyringsmøte knytt til skulane i Førde. Møte for Flatene og Halbrend vart slege saman til eitt møte. Etter at høyringsrunden var ute arrangerte kommunen eit eige møte for foreldra på Bruland. Bakgrunnen var at det kom fram mange ulike oppfatningar om kva som ville skje med elevane frå Bruland dersom Bruland vart regulert til Sunde. Det same gjaldt kva som ville skje med dei elevane frå Bruland som etter søknad har fått gå på Sunde dersom

Bruland framleis ville bli tilhøyrande Førde barneskule.

Det er komne inn 22 høyringsuttaler frå organ knytt til 9 av dei 10 skulane, og hovudinnhaldet i høyringsuttalane er oppsummert her. I tillegg er det kome nokre andre innspel rundt underskriftslistar og liknande. Innspele ligg vedlagt til saka.

1. Foreldre til born på Bruland som tilhøyrer Førde barneskule

Ei gruppe underskrivne foreldre til eksisterande eller komande elevar på Bruland ynskjer ikkje å bli flytta til Sunde, men vil framleis tilhøyre Førde barneskule. Dei er nøgde med skulen, og elevane trivst og har venner. Dei ser det som ein fordel at elevane kan reise med buss i staden for å bli skyssa privat til Sunde. Skulevegen til Sunde er ikkje trygg. Gruppa stiller seg uforståande til at flytting til Sunde er eit alternativ med auka kostnader og behov for utviding på Sunde. Gruppa aksepterer ikkje flytting, og forventar at alternativet med Bruland til Sunde ikkje vert teke vidare.

2. Kristin Befring – adr. Råkane, Slåtten krins

Poengeter at adr. Råkane ikkje var nemnt som del av Vieåsen Sør på høyringsmøtet. Både Kvievegen, Gardstølsvegen og Viebakkane var nemnde, og ho finn dette merkeleg sidan Råkane-feltet mellom Kvievegen og Gardsstølsvegen var innflytta før Viebakkane, og det bur fleire familiar med barn på denne adressa.

3. FAU ved Karstad skule - ved Stian Alver

Skulen har god kapasitet og plass til fleire elevar. Det er ikkje behov for utviding eller opprusting i planperioden. Barnehagen i integrert del av bygningen har og plass til fleire barn, og skulen og grenda samarbeider om utstyr i grendahusdelen. Små grupper/klassar gjev gode vilkår for tidleg innsats og tilpassa opplæring, og samlokalisering mellom barnehage og skule gjev mjuk overgang frå barnehage til skule i tillegg til god personalutnytting. Det er auka interesse for busetjing i krinsen, og det pågår arbeid med tomter/bustadområde. Busetjing i krinsane er viktig for å redusere presset på sentrum. Grendalaget arbeider aktivt for å få på plass gatelys på skulevegen, og er i dialog med grunneigar om område for ballbinge og badeplass. Det er marginal eller null innsparing med å slå saman Karstad med Halbrend/Flatene, men det er positivt at ungdomssteget frå Karstad kan gå på Halbrend grunna kortare veg og lettare tilkomst. Reisetida er rekna for kort, og er reelt 60 min x 2 per dag; - lenger om vinteren. Den samfunnsøkonomiske vinsten med skulenedlegging på Karstad/i grendene er negativ. Det er ikkje kalkulert med økonomisk vinst med felles leing av barnehage og skule. Elevane gjev generelt eit positivt inntrykk/bilete av skulen. Elles nemner høyringa som positivt nærleiken til ski- og turområde, aktivitetar i skulen på kveldstid, dugnadsviljen i grenda, nærleiken til Kråkenesmarka, gode soltilhøve, flott natur, utflyttarar som vil flytte heim, tilgang på tomteareal m.v.

4. Utdanningsforbundet – avd. Førde barneskule

Peikar på i hovudsak 3 tilhøve som må vektleggjast:

- Førde barneskule sin spesielle situasjon i opplæring av fleirspråklege elevar. Auka klassestorleik vil gje større behov for spesialpedagogiske ressursar.

- Skulen har bra plass til noverande elevtal, men har framleis etterslep på vedlikehaldssida for steg 2-4. Overfylt skule med ca 400 elevar var m.a. argument for delinga i 1993-94.
- Skulen har eit bra uteområde, men det er ikkje dimensjonert for særleg auke i elevtalet.

Personalet er svært stolte over arbeidsplassen sin. Som følge av flytningmottak i krinsen har skulen ca 20 etnisitetar, og personalet har solid erfaring og kompetanse i norskopplæring og integreringsarbeid. Dersom kommunen skal ta imot/busetje fleire flyktningar, er det nødvendig å styrke tilbodet til framandspråklege elevar. Mottakselevane genererer statleg tilskot, men reknestykket er negativt. Mottakselevane tel ikkje med i elevtalet i klassane i sentral rapportering, og skulen omdisponerer årleg store summar av eiga ramme for å kunne gje eit forsvarleg tilbod til desse elevane. Skulen er på etterskot med inventar og læremiddel som følge av trang økonomi, og uteområdet vart redusert etter brannen. Fortetting av sentrum og utbygging på Indre Øyrane vil medføre fleire elevar enn planen legg opp til. Skulen har ei positiv utvikling utan nye bustadområde.

5. FAU ved Halbrend skule - ved Reidun Åsen

Skulen er modernisert, har plass til fleire elevar, og ynskjer fleire elevar slik at det kan bli grunnlag for 3-deling og mindre klassar på kvart steg. Skulen har eit godt fagmiljø, gode resultat og eit godt sosialt miljø. Ei løysing med felles administrasjon med Flatene skule er lite utgreidd, og det er lite å spare økonomisk. Dessutan vil Flatene og Halbrend samla bli ei veldig stor eining med ca 650 elevar og 80-90 tilsette, og det må gjerast ei grundig konsekvensutgreiing med felles leing. Eventuell auke i elevtalet som følge av elevar frå andre krinsar vil vege opp for den nedgangen som elles kjem i krinsen.

6. Cecilie og Thomas Berge

Dei peikar på at grensa mellom Vieåsen Sør 1 og Vieåsen Sør 2 i plangrunnlaget er trekt like nord for sin eigedom, g.nr/b.nr. 43/21. Etter soneinndelinga tilhøyrrer eigedomen Vieåsen Sør 2, men fam. ber om at eigedomen inngår i Vieåsen Sør 1 fordi egne born og familien elles har flest venner og størst fellesskap der. I tillegg var eigedomen utbygd allereie på 80-talet, og seinare har det vore ei massiv utbygging i området. Familien har aldri hatt noko naturleg tilhøyre til rekkjehusa i område 2, og ber om å få velje/tilhøyre område 1.

7. Frøysland skule, tilsette

Tilsette skildrar Frøysland skule som ein god skule med gode resultat både fagleg og på elevundersøkingar. Skulen har eit godt kvalifisert personale, og rektor har nyleg fullført rektorutdanning. Det har vore ei positiv utvikling med nyetablering i bygda dei siste åra, og elevtalet er pent aukande. Skulebygningen er svært bra utan større utbetningsbehov, og er tilrettelagt for funksjonshemma. Holsen skule vil i 2018/19 passere 50 elevar med elevane frå Frøysland, og har då ikkje plass utan utviding med nye klasserom. Den økonomiske vinsten med samanslåing er då borte. Uteområdet på Frøysland er opprusta, sikra og funksjonelt med ny ballbinge, og parkeringstilhøva er utbetra. Skulen er mykje brukt til aktivitetar for alle aldersgrupper på fritida, og spelar ein viktig rolle i liokalmiljøet. Ved nedlegging vil det vere vanskeleg for bygdefolket å drifte bygget vidare. Skulen er også ein viktig arbeidsplass i bygda. Om skulen blir lagt ned må alle elevane reise med buss, og reisetida kan bli altfor lang.

Skulevegen langs Haukedalsvatnet og over Rørvikfjellet kan også vere utfordrande vinterstid. Elevar som skal delta på aktivitetar utanom bygda vil få urimeleg mykje reisetid dersom skulen blir borte. Oppsummert går tilsette imot samanslåing med Holsen skule mest av omsyn til elevane og lokalsamfunnet.

8. Utdanningsforbundet i Førde

Peikar generelt på at Førde kommune driv ein kostnadseffektiv skule med svært gode resultat, og vil her peike på dei faglege konsekvensane utan å ta stilling til konsekvensane som nærmiljøfaktor og grendahusfunksjon; - peikar vidare på at alle ti skulane gjev opplæring av fagleg høg kvalitet, og at kvaliteten difor ikkje er grunnlag for omorganiseringa.

Modellar som vedkjem Karstad skule:

- Stabilt elevtal og lite innsparing på å flytte elevane før seint i perioden
- Lite fagmiljø for barnehageavdelinga om denne blir liggande att åleine, og ekstrakostnader med styrar som i dag er felles med skule
- Undervurdert reisetid generelt, og for lang reisetid for dei minste elevane spesielt
- Vurderer som ukontroversielt å flytte ungdomsskuleelevane på Karstad til Halbrend

Modellar som vedkjem Halbrend/Flatene skule:

- Vurderer felles administrasjon mellom skulane som mest kontroversielt, lite framtidsretta og som eit radikalt brot med tradisjonell organisering
- Prognosane med samla Halbrend og Flatene tilseier meir enn 650 elevar på det meste – dvs. ein av dei største skulane i landet, og modellen må leggjast bort sidan det er viktig å ha leiarar som arbeider nær dei tilsette og som kjenner elevane
- Endringar i kringsgrensene for ungdomssteget vert vurderte som ukontroversielle
- Innsparingspotensialet på ungdomssteget ligg i å flytte elevane frå Sunde til Halbrend for å unngå kostbar utbygging på Førde ungdomsskule

Modellar som vedkjem Førde barneskule:

- Skulen har i dag små grupper, og er difor relativt dyr å drifte, men nye utbyggingsområde vil på sikt fylle opp ledig kapasitet
- Det er samanheng mellom resultat og storleik, og skulen har svært stabile og gode resultat sjølv med migrasjonspedagogiske utfordringar som følgje av eit ideelt klassetal
- Skulen har utfordringar knytt til framandspråklege elevar og omsynet til tilpassa opplæring/språkopplæring
- Det må og kalkulerast med at Førde skal busetje fleire flyktningar i åra som kjem

Modellar som vedkjem Slåtten skule:

- Skulen har ikkje kapasitet til forventa auke utan utbygging av klasserom og personalavdeling – særleg dersom Angedalen skal slåast saman med Slåtten
- Er i tvil om det er lovheimel for å skilje ut delar av Vieåsen Sør til Førde barneskule som ein «enklave» utan geografisk korridor, og stiller spørsmål ved tryggleiken på skulevegen slik tilhøva er i dag
- Frårår å flytte 7. steget til Førde barneskule fordi det vil føre til unødige omveltingar for elevane og i praksis føre til ein ekstra overgang før ungdomssteget

Modellar som vedkjem Angedalen skule:

- Skulen/krinsen har stor vekst i elevtalet framover, og små endringar vil gjere store utslag på klassedelinga ved ev. samanslåing med Slåtten

- Skulen treng omfattande utbygging og oppgradering for å stette krava som følgje av elevtalsauken, men behovet for utviding gjeld og på Slåtten dersom det ikkje vert frigjort kapasitet/elevlar der
- Poengterer at elevlar ikkje kan skyssast gjennom ein skulekrins – jf. Opplæringslova § 8-1

Modellar som vedkjem Sunde skule:

- Flytting av elevlar frå andre krinsar til Sunde skule vil utløyse behov for vidare utbygging
- Elevtalet fell i perioden og skulen vil ha større kapasitet på sikt, men det er ikkje teke høgde for vidare bustadbygging i området
- Det er lite kontroversielt å flytte ungdomsskuleelevane til Halbrend, og det er viktig å utnytte kapasiteten som ligg på Halbrend i motsetnad til på Førde ungdomsskule

Modellar som vedkjem Holsen skule:

- Skulen har stabilt elevtal, og det vil ikkje vere økonomi i å flytte elevane til Sunde som ikkje har plass
- Skulen har kapasitet til å ta imot elevane frå Frøysland, men det er små marginar før firedeling og behov for utviding; – i alle høve må personalavdelinga byggjast ut etter pålegg frå Arbeidstilsynet
- Er uroa over ev. konsekvensar for barnehagen med eit redusert fagmiljø utan skule, og konsekvensane med ekstrakostnader med styrar som i dag er felles med skule
- Det er lite kontroversielt å flytte ungdomsskuleelevane til Halbrend, og det er viktig å utnytte kapasiteten som ligg på Halbrend i motsetnad til på Førde ungdomsskule

Modellar som vedkjem Frøysland skule:

- Ein av krinsane der elevtalet er i størst vekst, og veksten er truleg større enn det som kjem fram av plandokumenta
- Stiller spørsmål ved om Holsen skule er dimensjonert til å ta imot elevane frå Frøysland, og det er små marginar før firedeling og behov for utviding på Holsen
- Det er usikkert om reisetida til/frå Holsen skule medrekna venting og midtskyss er godt nok konsekvensutgreidd
- Klimatiske tilhøve i Haukedalen, og Rørvikfjellet som skuleveg må og vektleggjast

Konklusjon:

- Det er nødvendig med strukturelle grep for å nå innsparingskrava, men strukturelle grep treng ikkje resultere i nedlegging av skular
- Ei justering av krinsgrensene i sentrum er mindre dramatisk enn å leggje ned grendaskular, og den økonomiske vinsten er truleg minst like stor
- Samanslåing av Halbrend og Flatene er å starte i feil ende, og det kan vere aktuelt å be Fylkesmannen om ei vurdering
- Reisetida for elevane på Karstad og Frøysland ser ut til å vere undervurderte i planen
- Nærmiljøelementet fell bort om krinsskular vert nedlagde
- Er uroa over konsekvensane av ev. privatskular i krinsane
- Endringane i krinsgrensene for ungdomsskulane er nødvendige

9. Innbyggjarar på Bruland

Dette gjeld gruppe underskrivne som ynskjer at borna deira skal gå på Sunde skule, og som poengterer at grenda/området Bruland er delt i synet på skulestad. I dag går 15 born med

adresse på Bruland på Sunde skule. Bruland har lenge vore kasteball mellom skular, og det er på tide med fast tilhøyre til Sunde slik det var frå gamalt av. Det er god gang- og sykkelveg til Sunde, og borna har kort avstand til vener og aktivitetar på fritida. Uansett kva som skjer med Bruland, vil Sunde skule vere for liten om få år.

10. Aksjonsgruppe av foreldre/bebuarar på Viebøen (Vieåsen Sør) – ved Lars Vegsund
Aksjonsruppa er undrande og uforståande til framlegga som vedkjem Vieåsen Sør (Viebøen), og meiner at kommunen har ikkje vurdert dei negative konsekvensane av splitting av miljø og flytting av elevar. Gruppa meiner og at kalkulerter innsparingar ikkje er reelle, og at veksten i området er undervurdert i plandokumenta. I tillegg vert det uttrykt stor uro over utrygg skuleveg. Modellane D1-2-3/E1-2-3 er lite framtidsretta, og har berre fokus på kortsiktig innsparing. Splitting av Viebøen i to er den klart dårlegaste av alle modellane i planen. Modell E8 med flytting av 7. steget frå Slåtten til Førde barneskule er heller ikkje ein god modell. Aksjonsgruppa hevdar at det er tenkt for kortsiktig, og at det er teke for lite omsyn til kommuneplanen med planlagde bustadområde i sentrum og konsekvensane for framtidig kapasitet på Førde barneskule. Vidare forstår aksjonsgruppa det slik at framlegget til skulebruksplan vil vere i strid med intensjonane om nærskuleprinsippet i Opplæringslova § 8-1, og at ein konsekvens av nedlegging av Angedalen vil måtte bli overføring til næraste skule med ledig kapasitet – dvs. Førde barneskule. Gruppa peikar og på at planen manglar utgreiing av negative helsemessige konsekvensar og auka trafikk/trafikkfare i Angedalsvegen ved å flytte elevar. Gruppa oppsummerer med at Slåtten skule bør byggjast ut slik at skulen kan ivareta dei elevane som naturleg tilhøyrer krinsen, men skulen bør likevel ikkje bli større enn maksimalt 450 elevar.

11. Viebakkane Bustadsameige

Sameiget ynskjer å synleggjere at flytting av Viebøen til Førde barneskule vil vere både uriktig og urimeleg. Det vert m.a. vist til Opplæringslova § 8-1 om retten til å gå på næraste skule, og såkalla «lovskjøn» etter relevante faktorar som geografi, skuleveg, søsken og skulekapasitet. Med desse nemnde faktorane vil det rette utgangspunktet vere at Viebøen tilhøyrer Slåtten skule. Avstanden til Slåtten er ca 1,5 km, men ca 3,5 km til Førde barneskule. Til Slåtten vil borna kunne gå meir eller mindre trygt og bilfritt, men til Førde barneskule må dei gå meir enn 2 km lags sterkt trafikkert veg utan fysisk skilje til køyrebana. Omsynet til kvar eldre sysken går på skule vil og måtte telje med sidan sysken så langt råd er skal kunne gå på same skule. Slåtten skule har allereie for liten kapasitet, og kommunen driv allereie i dag «ulovleg». Det vert også vist til tidlegare alternativ med ny skule på Vie for å løyse behova i området. Vidare vert det vist til sakshandsamingsreglane i Fvl § 37 om «at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes». Sameiget opplever fleire av framlegga som vedkjem Viebøen som usakleg forskjellsbehandling. Særleg gjeld dette ved flytting av område 1 eller 2. Flytting til Førde barneskule medføre lengre avstand til vener og fritidsaktivitetar, auka trafikkfare og negativ helseeffekt for born som blir meir avhengige av å bli skyssa av foreldra. Førde barneskule vil trenge ledig kapasitet til forventa utbygging og elevtalsvekst i og kring sentrum. Høyringa konkluderer med at det einaste rette må vere at Viebøen framleis skal tilhøyre Slåtten krins, og utviding av Slåtten skule.

12. FAU ved Slåtten skule – ved Jarle Øen

Høyringa startar med å tilrå at Slåtten skule framleis må femne om same opptaksområde som i dag, og at Slåtten skule vert bygd ut med tanke på å gje plass til fleire elevar som kjem til opptaksområdet.

I alt åtte av høyringsframlegga rår Slåtten skule, og ulike grupperingar vert råka i alle modellane. FAU ynskjer at alle elevane ved Slåtten skule vert sikra ei framtid ved skulen. Mange av modellane har også ein splittande konsekvens for grannelaga i skulekrinsen. FAU meiner og at framlegga som vedkjem Slåtten er kortsiktige, og ynskjer ein berekraftig struktur for framtida. Nærskuleprinsippet veg tungt etter Opplæringslova, og kommunen må vurdere å få ei juridisk vurdering av framlegga. Kapasitetsproblem kan ikkje stå i vegen for nærskuleprinsippet. Modellane D2-E2 og D3-E3 fører til splitting av eit godt etablert bumiljø på Viebøen (Vieåsen Sør) som berre vil gje kortsiktig innsparing. FAU etterlyser ein heilskapleg plan for bustader, barnehage og skule i krinsen. Splitting av bumiljø kan gje negative psykososiale konsekvensar, og vil verke negativt på aktivitetane etter skuletid. Angedalsvegen er utrygg som skuleveg, og auka skyssing vil gje negativ helsegevinst og negative miljøkonsekvensar med auka bilbruk. Store klassar kan og verke negativt på læringsmiljøet med auka risiko for svake elevar. Sjuande steget på Slåtten har høg trivsel, men er samtidig i ein utsett alder.

Flytting av sjuande steget til Førde barneskule vil føre til skulegang på 3 skular på 3 år, og det er uheldig og lite ynskjeleg.

13. FAU ved Frøysland skule – ved Margrethe Vie Myren

Frøysland skule har eit stabilt og godt læringsmiljø, og elevar som scorar høgt i alle testar. Skulen har mykje fokus på fellesskapet med ulike aktivitetar og utflukter. Barnetalet syner svært positiv utvikling med ei dobling i løpet av 6 år. Samla vil det truleg føre til 4-delning ved Holsen skule ved overføring av elevane dit. Dette vil gje auka kostander på Holsen. Reisetida til/frå Holsen er noko lenger enn i framlegget; - totalt 2 t og 35 min. per dag. Om vinteren er reise- og ventetida ekstra byrdefull. Elevane på Frøysland får mykje fysisk aktivitet både på skulevegen og skulen, og nokre deltek på aktivitetar på kveldstid. Ved lang bussing til/frå Holsen vil dei ha mindre tid og overskot til slik aktivitet. Foreldre i Haukedalen nyttar barnehagen i Holsen, men ingen har 100 % plass grunna lang veg og stor belastning. Når det gjeld ungdomssteget og eventuell overføring til Halbrend skule ser FAU liten skilnad sidan avstand og reisetid er om lag den same som til Førde ungdomsskule. FAU krev at det vert teke omsyn til argumenta over, for det er viktig for både elevane og bygda at Frøysland skule som ein god, moderne og velhalden skule kan eksistere vidare.

14. FAU ved Flatene skule – ved Gunn Merete Paulsen

To modellar vedkjem Flatene skule. FAU vil sterkt frårå at modell B1 med samanslåing av Flatene og Halbrend til ein kjempestor skule med uoversiktlege leiingsstrukturar og eit dårlegare pedagogisk tilbod blir realisert. Begge skulane er i dag velfungerande med høg trivsel blant elevar og tilsette, og med gode resultat. Det er vanskeleg å sjå klare innsparingar ved samanslåing, og rein reduksjon i allereie knappe administrasjonsressursar vil gå utover kvaliteten på det pedagogiske og personellmessige leiaransvaret. Elevane på Flatene greier seg elles godt samanlikna med andre femteklassingar i Førde og landet. Argumentet med samanslåing fordi begge skulane har færre elevar no enn ved delinga i si tid er lite framtidsretta, for det er grunn til å tru at barnetalet i krinsen vil ta seg opp att. Med elevar frå andre krinsar (Sunde og Karstad) blir det ingen nedgang. Ein samanslegen skule blir ikkje berre stor i tal elevar og tilsette, men også i aldersspenn og geografisk område. I tillegg kjem

ein stor SFO. FAU vurderer at storeleiken på Flatene/Halbrend som samla skule er eit argument som talar imot heller enn for samanslåing. FAU tek ikkje stilling til modell A1 med overføring av Karstad skule (1-4) til Flatene, og konkluderer elles med tilråding om at modellen med samanslåing av Flatene og Halbrend vert lagt vekk.

15. Arbeidsnemnda for Frøysland skule – ved Ivar Frøysland

Frøysland skule med sine 12 elevar i dag vil bli 2-delt med 13 elevar frå hausten 2013. Deretter stig elevtalet kraftig til slutten av planperioden. Med forventa tilflytting ser det reelle elevtalet ut til å verte 22 skuleåret 2018/19, og vil då vere det høgaste i Haukedalen sidan andre halvdel av 70-talet. Frøysland skule har gode fysiske og bygningsmessige kvalitetar, og uteområdet er opprusta og funksjonelt. Skulen har grendahusfunksjonar, og dugnadsinnsatsen i krinsen og for skulen er stor. Skulen har fagleg dyktige lærarar, og skuleresultata ligg over gjennomsnittet i Førde kommune. Etter framskriving av elevtalet ser det ut til å bli over 50 elevar med Frøysland og Holsen skule samla, og dermed 4-deling. Kalkulert årleg innsparing med samanslåing av desse skulane vil då bli om lag halvert. I tillegg kjem kostnaden med utvidinga av Holsen skule til 4 klassar/grupper. Reise- og ventetida til/frå Holsen er større enn i plandokumenta, og vil vere minimum 2 timar for dei fleste elevane i Haukedalen. Folketalet i Haukedalen har vore stabilt på 140-150 sidan 1997, og andelen 0-19 år (33 %) låg prosentvis over Førde kommune samla per 01.01.2012. Alderssamansetjinga i krinsen er generelt i positiv utvikling. Skulen er livsnerven for Haukedalen sitt kulturelle og sosiale liv. Ved nedlegging av skulen vil både bygning og aktivitetar på sikt forvitre. Med sine naturkvalitetar har Haukedalen ein viktig funksjon for heile Førde kommune. Bygda krev ikkje så mykje av storsamfunnet, men krev at Førde kommune opprettheld skulen som grunnlag for eit framtidig levande lokalsamfunn.

16. Foreldre på Bruland med born på Førde barneskule – ved Henning Bruland (jf. nr. 1)

Uttalen må sjåast saman med nr. 1 sidan det gjeld den same foreldregruppa. Iflg. uttalen går brorparten av elevane på Bruland på Førde barneskule som dei soknar til etter gjeldande krinsordning, og igjen iflg. uttalen vil 9 av 10 komande førsteklasingar frå Bruland starte på Førde barneskule hausten 2013. Det er mange år sidan ein ny familie har søkt seg til Sunde. Det blir påstått at kommunen sidan 2002 har brukt eit vedtak om å sjå på krinsgrensa mellom Sunde og Førde barneskule slik at det framtidige resultatet var gitt – dvs. som ei forskottering av at Bruland skulle til Sunde. Uttalen sår vidare tvil om kommunen sin «nøytrale» rolle i saka før endeleg politisk vedtak, og gruppa er uforståande til dei økonomiske vurderingane i modell G1 med Bruland til Sunde som ikkje vil gje innsparing. Det blir også vist til prosessen i 2010 som vart stoppa politisk, og gruppa føler seg utsett for ei heksejakt frå kommunen si side. Gruppa aksepterer ikkje at borna blir brukte i eit spel for å få bygd ut Sunde skule etter ein gong. Det er plass på Førde barneskule, og borna må få gå på skule der.

17. Haukedalen Bygdeutvikling – ved Jan-Inge Hage

Haukedalen Bygdeutvikling reagerer kraftig på modellen med samanslåing av Frøysland skule med Holsen. Folketalet i Haukedalen har vore stabilt rundt 145 sidan 1997. Andelen unge under 20 år har auka jamt og trutt til 30 %, og elevtalet er veksande. Denne positive utviklinga skuldast trygg veg med tunnel i 1993, og totalrenovert/utvida skule i 1998. Fleire familiar både med og utan tilknytning til bygda har flytta inn dei siste 10-15 åra. Skulen er eit

viktig samlingspunkt og element i bygda sitt kulturelle og sosiale liv, og er avgjerande for at Haukedalen som bygd skal blomstre og vere berekraftig. Skulen er også ein viktig arbeidsplass for bygda. Om skulen blir lagt ned, fell behovet for bustad- og næringsareal vekk. Fleire gardar vil bli nedlagde, og kulturlandskapet vil bli ytterlegare attgrodd. Reisetid og avstand til Holsen er altfor lang med 2 timars skuleveg kvar dag, og innsparringa med samanslåing er usikker. Haukedalen Bygdeutvikling har korkje kapasitet eller økonomi til å overta og drifte skulebygningen etter nedlegging, og dei samfunnsmessige konsekvensane må greiast ut før kommunen vedtek å leggje ned ein eller fleire skular. Bygdeutviklingslaget oppmodar om at Frøysland skule får bestå, og at Førde kommune såleis kan medverke til at Haukedalen held fram den positive utviklinga som bygda no er inne i.

18. FAU ved Førde ungdomsskule – ved Bjørn Morten Øen

FAU peikar på at endringar i skulestrukturen må ha fokus på elevane, og at ein etablerer gode og tenlege løysingar for dei. Viktige moment vil vere at skulen skal kunne tilby gode lærevilkår, trygge og stabile omgjevnader og høg kvalitet. Elevane skal ha trygg skuleveg; alternativt skuleskyss. Tilbodet skal vere likeverdig. Kapasiteten ved skulane må nyttast til det beste for elevane, og ein må unngå overfylte skular parallelt med ledig kapasitet ved andre skular. Endring i skulekrinsane krev stor grad av skjønns kombinert med individuelle omsyn. Byte av skule for 1-2 år vert ikkje tilrådd. Ved Førde usk er det ynskjeleg å halde på 4 parallellar på kvart steg, og om mogleg redusere klassestørleiken. Skulestrukturen må vere føreseieleg for elevar og foreldre.

19. Utdanningsforbundet ved Frøysland skule – Anne Therese Kusslid, plasstillitsvald

Uttalen er mykje samanfallande med nr. 7 om Frøysland skule som ein god skule, aukande elevtal, godt skulebygg og uteområde, aktivitetar/fritidsaktivitetar, samarbeid med lokalmiljøet, skulen som arbeidsplass og skulevegen i kombinasjon med klimatiske tilhøve ved samanslåing med Holsen. Høyringa konkluderer med at klubben ved Frøysland skule går imot samanslåing med Holsen skule.

20. Foreldre på Bruland med born på Førde barneskule – ved Henning Bruland (jf. nr. 1 og 16)

Uttalen kommenterer høyringa frå anna gruppe av foreldre på Bruland (jf. nr. 9) som ynskjer at borna skal gå på Sunde skule, og poengterer at det er både besteforeldre, ungdomar og andre utan born mellom underskrivarane i nr. 9. Rett tal elevar frå Bruland på Sunde skule etter søknad er 11; - ikkje 15 som opplyst i nr. 9. Det blir feil å hevde at Sunde skule om få år blir for liten uansett når kommunen sine tal viser nedgang i elevtalet på Sunde, og delar av Bruland har ikkje tilhøyrt Sunde sidan 50-talet. Det er beklageleg at foreldre til born som allereie går på Sunde arbeider aktivt for å hindre at andre born på Bruland som blir direkte råka av eventuell krinsendring skal kunne tilhøyre Førde barneskule. Flytting til Sunde medfører auka kostnader i motsetnad til framhald på Førde barneskule.

21. FAU ved Holsen skule – ved Ane Birkeland og Arnhild Støylen

Høyringa tek utgangspunkt i modell G2/H1; Holsen til Sunde, og inneheld fleire spørsmål til

skulefaglege konsekvensar; - m.a. om innsparingsmålet er realistisk, behov for ekstra klassedeling, plasstilløva på Sunde, auka behov for spesialundervisning, auka administrative oppgåver for skuleleiar, plasstilløva for 1. klasse og SFO spesielt på Sunde, og behov for arealreserve til forventa elevvekst elles i krinsen. Vidare vert det stilt spørsmål til skyssen midt på dagen, mogleg auka reisetid, fleire skuleskyssruter, auka ventetid og kva som vil skje med barnehagen ved samanslåing av skulane. Konsekvensane av samanslåing vil vere klassar på 25-30 elevar, og dermed mindre tid til å hjelpe kvar einskild elev. Sunde skule har per i dag ikkje plass til fleire elevar. Elevane vil miste tilbod om leksehjelp i skuletida, og dei vil få lenger skuleveg og reisetid. Nedlegging av skulen vil få negative konsekvensar for bygda, og driftskostnadene vert flytta over på barnehagen. Det er økonomisk lite å spare på å leggje ned Holsen skule, og utbyggingskostnadene på Sunde er ikkje tekne med. Holsen skulen og barnehage er eit godt oppvekstsenter for 60 barn med godt kvalifisert personale, og er ein stor arbeidsplass i bygda. Industriområdet på Moskog kan gje nye arbeidsplassar, fleire innbyggjarar og vekst i skulen. Elevane opplever høg trivsel, og det er godt samarbeid mellom skule og heim. Dugnadsinnsatsen er stor, og skulebygningen fungerer som grendahus som kan bli vanskeleg å drifte for grenda etter nedlegging.

22. FAU ved Angedalen skule – ved Rune Hegrenes

Alle modellane som gjeld Angedalen skule inneber nedlegging av skulen. Uttalen vil ha hovudfokus på Angedalen skule, men vil og måtte seie noko om både Førde barneskule og Slåtten skule. Skulebruksplanen legg opp til å presse fleire elevar inn på færre skular utan å redusere kvaliteten, men små variasjonar i elevtalet kan gje store utslag på kalkulererte innsparingar. Førde barneskule har ikkje kapasitet til å ta imot 100-150 nye elevar, og er i teorien full slik situasjonen er i dag. Då er det heller ikkje mogleg å flytte elevar frå Slåtten skule til Førde barneskule. Planen tek heller ikkje høgde for auken som kjem med nye buområde i sentrum, på Vie og i Slåtten-området. Slåtten skule må handtere veksten innan eige opptaksområde, og må difor kanskje utvidast. Sjølv med utviding til inntil 450 elevar vil ikkje Slåtten skule ha kapasitet til å ta imot eit veksande elevtal frå Angedalen. Det er heller ikkje rom for å byggje ny skule i Førde på lang tid grunna høg lånegjeld og andre store investeringsoppgåver. Angedalen er eitt av få område kommunen kan vekse i, og det vil vere naturleg at framtidig vekst går i retning Angedalen. Nye byggjefelt i Angedalen, slik det er planar om, vil på sikt føre til ytterlegare auke i elevtalet i krinsen. Utan skule vil det bli mindre attraktivt å busetje seg i krinsen, og utan skule vil det bli endå større press på Slåtten skule som allereie er pressa på plass. Uttalen poengterer elles kor viktig skulen er for grenda som samlingsstad og kulturbygg/grendahus. Skulen i Angedalen er framtida for borna og utviklinga i krinsen, og viktig for dei som vil flytte til Angedalen.

Vurdering av høyringsuttalane:

Dei fleste høyringsuttalane tek utgangspunkt i eigen skule og ynskjer at skulestrukturen skal vere slik som den er i dag. Unnataket er uttalen frå ein del foreldre på Bruland som ynskjer at Bruland skal regulerast til Sunde slik at deira born kan halde fram på den skulen. I tillegg er det kommentarar frå Karstad skulekrins om at dei ynskjer at deira elevar skal gå på ungdomsskulen på Halbrend.

Alle høyringsuttalane dreg fram den gode kvaliteten som er i skulane i Førde slik skulestrukturen er i dag.

Ingen av høyringsuttalane har noko løysing på korleis kommunen kan spare 2.125 mill ved endring av skulestrukturen.

Dei fleste høyringsuttalane dreg fram at trafikksikkerheita vert dårlegare ved dei nye strukturane som planen legg opp til. Dei påpeikar også at planen ikkje fangar opp den reelle reisetida som elevane får ved endring i skulestrukturen

Mange av høyringsuttalane er knytt til Vieåsen Sør og til Bruland.

Uttalane frå Slåtten går mest på at krinsen må halde fram samla som i dag, og at skulen må byggast ut. Det er også uttale frå einskildpersonar som går på at dei vil høyre til ein annan del av Vieåsen sør enn dei er sett opp i. Dette vil bli teke med i vurderinga dersom desse modellane vert aktuelle å gjennomføre.

Uttalane frå Bruland går på at ei gruppe vil bli regulert til Sunde medan resten vil halde fram på Førde barneskule som i dag.

Det er også høyringsuttaler frå dei 4 skulane som er vurdert lagt ned i planen. Det er Frøysland, Holsen, Karstad og Angedalen. Høyringsuttalane frå desse skulane framhevar kva betydning skulen har for grendene og utviklinga av desse. Dei framhevar også at framtidig busetnad i grendene er avhengig av at det er tilbod om skule i bygdene. Dei dreg også fram at reisetidene for borna vert lenger enn det som kjem fram av Firda Billag sitt rutehefte. Det er også eit fellestrekk at dei framhevar kor vanskeleg det vert for bygdane å oppretthalde skulen som samlingsplass for bygdene utan den kommunale innsatsen som drift av skulebygningen er.

I mange av høyringsuttalane er det også peika på kor viktig det er å sjå på kvar framtidig bustadbygging kjem, og at det må takast omsyn til det som vil kome i revisjonen av arealplanen som no er i gang.

Saksutgreiing:

Oppsummering av høyringsrunden og val av framtidig skulestruktur.

Det er i høyringsrunden ikkje kome fram nye moment som ikkje var kjende frå før. Alle har også hatt høve til å kome med innspel rundt dei ulike alternativa, og gjennom dei 9 høyringsmøta er saka godt nok opplyst til at det kan takast avgjerd om ny skulestruktur.

Vi vil no vurdere dei ulike modellane i lys av dei 3 sentrale oppdraga som skal løysast i denne planen.

1 SIKRE AT ALLE ELEVAR FRAMLEIS FÅR EI OPPLÆRING AV HØG KVALITET.

Førde kommune vart i 2012 kåra til Norges beste skulekommune av Kommunal rapport sitt Kommunebarometer. Det betyr at Førdeskulen leverer gode faglege resultat og at alle 10 skulane i dag gjev ei opplæring som held høg fagleg standard.

Forsking har kome fram til at dei faglege resultata er uavhengig av klassestorleik. Anna forskning har og kome fram til at dersom undervisninga utnyttar potensiale til å

velje andre måtar å undervise på, så gjev det effekt å ha mindre klassar. Sidan alle skulane våre har gode resultat, tyder det også på at dei har utnytta det potensialet som ligg i å tilpasse undervisninga til klassestorleiken.

Eit anna moment som spelar inn, er at elevar som klarar seg utan spesialundervisning i små klassar vil ha behov for slik undervisning når klassane vert større.

I Førde vil det å vidareføre dagens skulestruktur vere det beste for å sikre at vi held oppe kvaliteten. Men då under føresetnad at vi klarer å rekruttere lærarar som held like høg fagleg standard som i dag.

Dei modellane som rådmannen tilrår i denne saka vil også sikre at elevane framleis får ei opplæring av høg kvalitet.

2. SIKRE Plass TIL ALLE ELEVANE

Sidan planen vart sendt på høyring har vi fått fødselstala for 2012. I tillegg er det andre små endringar som følgje av flytting. Vi legg no tala frå folkeregisteret pr 01.01.2013 til grunn i dei modellane vi vurderer.

Førde kommune har hatt eit relativt stabilt elevtal gjennom dei siste 10 åra. I planperioden fram mot 2020 vil det skje ein auke i elevtalet på ca 70-100 elevar dersom fødselstala held seg like høgt som dei siste 5 åra. Dei førebelse tala for 2012 syner likevel ein nedgang, og spørsmålet er om dette er ein trend eller ein naturleg variasjon.

I samband med at gjeldande skulebruksplan vart vedteken i 2001, fastsette bystyret ein retning for framtidig skulestruktur.

- a. Hovudtrekka i skulestrukturen med 10 skular låg fast.
- b. Det vart valt å satse på utbygging av Sunde skule som den 4. sentrumsskulen. Alternativet som vart valt vekk i 2001, var å bygge ny skule på Vie. I dette låg det ein føresetnad om at Bruland skulle regulerast til Sunde i framtida når utbygginga av Sunde og gangvegen dit var ferdig.
- c. Førde barneskule vart vedteken bygd ut til 2 parallell skule som skulle ta veksten knytt til Vieåsen sør.
- d. Slåtten skule skulle halde fram som 2 parallell skule for resten av Vieåsen og utbyggingane rundt Slåtten skule.
- e. Halbrend skule skulle byggast ut til å ha kapasitet til å dekke behovet i denne delen av Førde.
- f. Frøysland, Holsen, Karstad og Angedalen skulle opprustast til å ha kapasitet til å dekke elevtalet i sine krinsar.

Det meste av dette vart gjennomført, eller er med i økonomiplanen. Det som ikkje er gjennomført er reguleringa av Vieåsen sør til Førde barneskule, og Bruland til Sunde. Det er ulike årsaker til dette, men m.a. brannen på Førde barneskule var medverkande. I tillegg auka elevtalet på Sunde fortare enn rekna med, og hadde difor ikkje plass til Bruland. Det var også vekst i elevtalet på Førde barneskule.

Sidan veksten i fødselstala er større enn rekna med i gjeldande plan, og har

come i andre delar av kommunen enn rekna så, må denne planen ta stilling til å endre dei premissane som ligg frå tidlegare planar. I tillegg må vi drøfte kvar vidare utbyggingar kjem i Førde sjølv om ikkje den nye arealplanen er ferdig.

Slik ser elevtalsutviklinga ut.

1. Karstad

Har stabilt elevtal på ca 20 elevar, og skulen har kapasitet til auka byggeaktivitet i krinsen. For denne delen av Førde vil det også vere naturleg å sjå utviklinga i samanheng med kva strukturendringar som vil skje i Hafs-området og kva som skjer på sørsida av Førdefjorden. Dette er likevel ikkje lagt inn i denne planen.

2. Halbrend/Flatene

Denne krinsen har hatt ein nedgang i elevtalet på ca 100 dei siste 5-6 åra. Krinsen har difor god kapasitet, og det er her utbygginga i Førde burde skje. I denne planen er det lagt opp til at vi skal utnytte den ledige kapasiteten på ungdomssteget ved å justere kringsgrensene for u.steget

3. Førde barneskule

Elevtalet i denne krinsen vil auke frå 237 til 272 i perioden. I tillegg kjem elevane frå mottaket som vil variere frå år til år, og som i 2012/13 er på 12 elevar.

I denne skulekrinsen er det planlagt utbygging av fleire bustadfelt som vil generere vidare vekst i elevtalet. Det største er her Hafstad bydel med over 200 bueiningar. Pinndalen, Leirdalen, indre Øyrane og Falkenstein ligg også i denne skulekrinsen.

Skulen er bygd for 2 parallellar med 14 klassar + evt mottaksklasse, og det er det skulen har kapasitet til i dag. Slik det ser ut i dag har Førde barneskule kapasitet på alle årssteg til å ta den veksten som nye byggefelt fører med seg. Skulen vil ikkje slik det ser ut i dag, ha plass til både ei overføring frå Vieåsen samtidig som den skal ha plass til elevane frå nye byggefelt.

4. Slåtten skule

Skulen er bygd for 2 parallellar, men har gjennom bygginga av 7-stegshuset kapasitet til 3 klassar meir. Skulen har i dag 18 klassar. Skulen har i lengre tid hatt overbelegg, men har fått det til sidan det såg ut til å vere ein overgangsperiode. Elevtalet held seg framleis høgt i perioden med ein liten vekst. Dei siste fødselstala syner at 2012- kullet er på 68, og såleis det største som har vore i denne krinsen. Ved sida av at skulen har overbelegg, har den heller ikkje kapasitet til vidare bustadbygging i området utan utbygging av skulen.

Sidan arealplanen ikkje er ferdig, er det vanskeleg å vite kva som skjer i dette området. Rådmann er likevel av den oppfatning at det i dette området vil skje vidare vekst framover. Her er ledig areal, og beliggenheita nær sentralsjukehuset i tillegg til at området er attraktivt, er moment som talar i den retning. Det vert i

denne planen difor lagt opp til at Slåtten skule skal byggast ut til ein full 3 parallellar skule for å kunne dekke behovet for skuleplass i den delen av Førde i lang tid framover.

5. Angedalen

Elevtalet i denne krinsen er aukande frå 32 elevar i dag til 43 i 2018. Skulen har lokale til 3 klassar, og det er det som er elevtalet i perioden. Skulen treng noko opprusting/utbygging slik det står i høyringsdokumentet. Skulen har kapasitet til noko auke i elevtalet som fylgje av nye utbyggingar i krinsen.

6. Frøysland

Frøysland har eit sterkt aukande elevtal frå talet på 12 i dag til 22 i 2018. Skulen har plass til 2 klassar og har dermed kapasitet til veksten. I samband med evt. framtidige kommunesamanslåingar kan det vere aktuelt å sjå om eit samarbeid med Viksdalen er aktuelt. Dette er det ikkje teke stilling til i denne planen.

7. Holsen

Elevtalet i krinsen er stabilt med 26 elevar i dag og 28 i 2018. Skulen har plass til 3 klassar slik som den har i dag. Skulen har i tillegg 2 fulle barnehageavdelingar i same lokala + i brakkerigg. Skulen har difor kapasitet til den utbygginga som måtte skje i denne krinsen i denne perioden. Det som må gjerast med skulen, er bygging av ny personalavdeling for å stette Arbeidstilsynet sine krav. Desse lokala må dekke både skulen og barnehagen sitt behov.

8. Sunde skule

Elevtalet i krinsen har auka sterkt dei siste åra, og skulen har i dag 8 klassar. Skulen har 162 elevar og dette talet held seg stabilt dei neste 4 åra. Dei 3 siste fødselskulla i krinsen syner ein stor nedgang, slik at elevtalet i 2018 er 123. Om dette er ein trend som held seg til desse kulla kjem i skulealder eller at vi vil sjå ein auke i kulla fram mot skulestart slik vi har sett i tidelgare år, er ikkje godt å seie.

Det som har ført til auke i årskulla fram mot skulestart, er den store aktiviteten med nybygg i Farsundfeltet. Det vil også i tida framover vere stor byggeaktivitet i krinsen, slik at vi kan rekne med at dei siste årskulla vil auke fram mot skulestart. Vi reknar difor med at elevtalet i krinsen vil halde seg på nokolunde på same nivå som no utan den nedgangen som tala no syner.

I høyringsdokumentet ligg det inne alternativ som både går på at elevane frå Holsen skal gå på Sunde skule, og det same gjeld elevane frå Bruland. Skulen slik den er i dag har ikkje plass til verken elevane frå Holsen eller frå Bruland utan at det vert bygt nye klasserom/spesialrom. Skulen er bygd for 1 klasse pr. årssteg, men har deling på 1. årssteg. Dette går ved at ein tek i bruk spesialrom til klasserom, men dette er ikkje noko god løysing. Skal skulen få 2-deling på fleire årssteg, aukar behovet for spesialrom.

I denne planen er framlegget å bygge ut Slåtten og la Sunde vere som den er i

dag. Det betyr også at Bruland framleis vil høyre til Førde barneskule. Så får ein vurdere når ein ser utviklinga i krinsen om det er behov for vidare utbygging og ta det med i ei rullering av planen. Då vil ein også kunne ta stilling til ei samanslåing med Holsen og la Bruland vere ein del av Sunde krins.

9. Ungdomsskulekrinsane.

Førde ungdomsskule er bygd for 4 parallellar med til saman 12 klassar. Halbrend er bygd for 3 (4) parallellar med tilsaman 9 (10) klassar.

Førde ungdomsskule har i dag 12 klassar, men elevtalet vil i planperioden auke til 15 i 2018. Skulen har ikkje plass til det og må byggast ut.

Halbrend skule har i dag 6 klassar, og vil ha same klassesetalet fram til 2021 då det kjem ein auke. Skulen har då ledig kapasitet til å dekke opp auken på Førde ungdomsskule i heile perioden.

I høyringsdokumentet var det alternativ som gjekk på å flytte elevane frå Karstad, Sunde, Holsen og Frøysland til Halbrend på ungdomssteget. I høyringsrunden gjekk Karstad inn for ei slik justering medan dei andre skulane ikkje kommenterte endringa. Ved å gjennomføre desse endringane av kringsgrensene for ungdomssteget, vil ein utnytte kapasiteten ein har på ungdomsskulane slik at ein slepp ny utbygging.

Konklusjonen at planen vidarefører den strukturen som vart lagt i planen av 2001 med 4 barneskulekrinsar i sentrum. I ein framtidretta struktur vil vi då satse på at Slåtten skule no vert rusta opp til 3 parallellar der grensene mot Førde barneskule vert som no og der Vieåsen sør vert tilhøyrande Slåtten krins.

I det same framtidsperspektivet, og ut frå geografiske omsyn, vil det vere naturleg at Bruland i framtida skal tilhøyre Sunde og med tilhøyrande grensejustering mellom Førde barneskule og Sunde. Sidan vi i vårt framlegg går for bygge ut Slåtten no, gjer vi likevel framlegg om at Førde barneskule sine kringsgrenser skal vere som no og at Bruland framleis skal tilhøyre den skulen.

3 av barneskulekrinsane grensar til kvar sin grendaskule i Førde, og kan soleis knytast til kvar sin skule i ein framtidig krinsstruktur. Frøysland ligg i denne tenkinga litt for seg sjølv, men kan i teorien også knytast til Sunde. I denne planen er det framlegg om at vi i denne omgong knyter Angedalen til Slåtten sidan det er Slåtten som er føreslegen utbygd.

Planen vidarefører tidlegare struktur med 2 skular på ungdomssteget, men grensene vert justert ved at elevane frå Karstad, Sunde, Holsen og Frøysland får Halbrend som sin ungdomsskule.

3 KRAV OM INNSPARING AV 2.125 MILL.

Det er store utfordringar å få til innsparingar i denne storleiken samstundes som elevtalet veks utan at det må byggast ut på ein eller fleire skular. I denne delen har vi

oppjustert kva moglege innsparingar som er i dei ulike modellane utan å vurdere kva konsekvensane er. Det er gjort i oppsummeringa av dei ulike modellane.

Modell A. Karstad til Flatene/Halbrend

Ved nedlegginga av Karstad sparer ein 2 klassar, men det kjem 2 nye klassar på Flatene/Halbrend. Unnataket er når ein kjem til 2016/17 og 2017/18 der ein kan spare 800.000 i snitt for dei 2 åra. I tillegg kan det sparast noko på administrasjon og på bygningen, men dette er marginalt så lenge det er barnehagedrift i lokala. Rektor er i dag også styrar i barnehagen.

Modell B Samanslåing av Flatene og Halbrend.

Ikkje innsparing i klassetal, men kan spare inntil 300.000 på felles administrasjon.

Modell D 1 Vieåsen sør til Førde barneskule.

Kan spare i snitt 800.000 kvart år på drifta

Modell D2 Vieåsen sør område 1 til Førde barneskule

Kan spare ca 1.2 mill kvart år på drifta.

Modell D3 Vieåsen sør område 2 til Førde barneskule

Kan spare ca 700.00 kvart år på drifta.

Her er det viktig å vere merksam på at ein må velje ein av modellane D1-D3, slik at ein kan ikkje få effekt av fleire modellar samstundes.

Modell D4 Bruland flytta til Sunde

Det gjev ingen innsparing på Førde barneskule å flytte Bruland til Sunde.

Modell E1 Vieåsen sør til Førde barneskule

Innsparing som Modell D1

Modell E2 Vieåsen sør 1 til Førde barneskule

Innsparing som Modell D2

Modell E3 Vieåsen sør 2 til Førde barneskule

Innsparing som modell D3

Her er det viktig å vere merksam på at innsparinga på D1-D3 er den same som E1-E3 og gjev ikkje dobbel effekt.

Modell F Angedalen vert slegen saman med Slåtten

Kan spare 2 til 3 klassar kvart år i perioden. Innsparinga vert på 2.14 mill i snitt. I det ligg auka skysskostnader på ca 160.000 i snitt ,og innsparing på drift av skulebygget på på 280.000 i snitt avhengig av kva som vert gjort med bygningane. Krev utbygging på Slåtten noko som gjev auka investeringskostnader.

Modell G1 Bruland til Sunde

Krev 2-3 ekstra klassar på Sunde, men gjev ei innsparing på Førde barneskule i nokolunde same storleik. I tillegg .kjem flære klassr med 2 pedagogar i 1.klasse. samla innsparing er i gjennomsnitt 800.000

Modell G2 Holsen vert slegen saman med Sunde

Gjev ei innsparing på 1 klasse pr år. Samla innsparing på ca 1.05 mill avhengig av kva som skjer med skulelokala på Holsen, og også kva konsekvensar det får for drifta av barnehagen.

Modell G3 Bruland vert flytta til Sunde og Holsen vert slegen saman med Sunde

Fører til ein auke på 3-4 klassar på Sunde. Samstundes gjev det innsparing på 3 klassar på Holsen og i tillegg 2 -klassar innsparing på Førde barneskule. Samla gjev det ei innsparing på ca 1,5 mill.

Modellene G1,G2 og G3 krev ei utbygging på Sunde.

Modell H1 Holsen slegen saman med Sunde

Som Modell G2. Gjev ei innsparing på 1 klasse . Samla innsparing vil bli ca 1.05 mill. Det er då lagt inn innsparing på klassar på kr. 800.000,- ,, innsparing på drift med 300.000 og auka skyss med 50.000. Krev utbygging på Sunde

Modell I Frøysland slegen saman med Holsen.

Dette vil gje ei innsparing på 2 klassar i gjennomsnitt i perioden. Samla innsparing vert då ca 1.760 mill i gjennomsnitt. I det ligg innsparing på 1.63 mill på klassetal og 250.000 på drift av skulebygg , men og auka skysskostnader på 120.000.

Modellane K og J Samanslåing av ungdomsskuleelevane frå Frøysland, Holsen, Sunde og Karstad på Halbrend

Dette gjev ingen innsparing i klassetal, men sparer utbyggingskostnader på Førde

ungdomsskule.

Modell E 8 Samling av 7.steget for Slåtten inkl. Angedalen og Førde barneskule på Førde barneskule

Dette gjev ingen innsparing av klassar i perioden 2013 til 2017, men 1 klasse mindre i 2018. Innsparinga skuleåret 2017/18 vil bli 860.000.

UTBYGGINGSKOSTNADER MED DEI ULIKE MODELLANE

1. Ungdomssteget.

Eit alternativ til å flytte ungdomsskuleelevane frå Frøysland, Holsen, Sunde og Karstad til Halbrend, vil vere å bygge ut Førde ungdomsskule med 3 nye klasserom. Sidan det er ledig kapasitet på Halbrend, ha vi ikkje kostnadsrekna denne løysinga.

2. Modellar knytt til Førde barneskule

Mange av modellane som føreset regulering av fleire elevar til Førde barneskule vil medføre ei utbygging av denne skule. Sidan arealet rundt denne skulen er svært begrensa, så tilrår ikkje rådmann ei vidare utbygging av denne skulen. Difor er ikkje Ei slik utbygging er difor ikkje kostnadsrekna, men ei utbygging på 3 klasserom vil krevje om lag 300 m² samla og kostnaden vil då ligge på ca 10.5 mill.

3. Modellar knytt til Slåtten skule.

I denne planen tilrår rådmann at Slåtten skule vert utbygd til full 3 parallellar skule. Det vil krevje 3-4 nye klasserom og arbeidsplass for lærarane. Vi har rekna med ei utbygging på ca 400 m² til ein kostnad på 35.000 pr m². Samla kostnad vil då vere ca 14 mill, men dette er berre kalkulasjon basert på erfaringstal.

4. Modellar knytt til Sunde skule

Som alternativ i planen er det vurdert at Holsen og Bruland vert knytta til denne skulen. Skulen vil då få behov for inntil 5 nye klasserom. Vi har her kalkulert med ei utbygging på ca 500 m² til ein pris på kr. 35.000,- pr m². Samla investeringskostnad vert då ca 17,5 mill, men dette er usikre tal sidan det må skje ei samanbygging med eksisterande skule

5. Arbeidsmiljøkrav på Holsen skule

Arbeidstilsynet har gjeve pålegg i høve personalavdelinga på Holsen, og ved å halde fram drifta av Holsen skule og barnehage, må dei krava oppfyllest. I økonomiplanen er det sett av 5,3 mill, til dette tiltaket.

OPPSUMMERING ULIKE MODELLAR.

Modell A. Karstad skule

Ei nedlegging av Karstad skule og overflytting av elevane til Flatene/Halbrend skule vil medføre i gjennomsnitt 2 nye klassar ved Flatene Halbrend og ein tilsvarande

reduksjon på Karstad. Det vil difor ikkje gje noko innsparing i planperioden å velje denne modellen. Det er likevel så marinalt at 2-3 nye elevar på enkelte årssteg på Flatene /Halbrend vil gje nye klassar der i alle høve. Dersom så skjer vil ei nedlegging av Karstad skule kunne dekke kostnadane med dei nye klassane på Flatene/Halbrend.

Det kunne likevel tenkjast at ei overføring av elevane frå Karstad til Flatene/Halbrend vil kunne gje ein betre skulestruktur på sikt. Det viktigaste her ville vere at ein fekk eit sterkare og meir robust fagmiljø for elevane. Det som tel i mot ei slik løysing er at det er barnehage knytt til skulen, og at den ville bli dyrare og meir sårbar utan skulen. I tillegg kan det vere ei utfordring med skulevegen over fjellet, og at den også vert ein god del lenger. Dette vil vere ei ekstra belastning særleg for dei minste. Bygda ville også ha problem med å kunne halde fram med å drifte bygget som grendahus utan at kommunen er inne som huseigar gjennom skuledrifta.

Tilrådinga til rådmann er at Karstad skule vert halden opp som eigen skule med dei same kringsgrensene som no.

Modell B og C Flatene og Halbrend.

I modellane ligg det inne at Flatene og Halbrend skal slåast saman til ein 1.-10. skule. Ved ei samanslåing vert det ikkje innsparing i klassetal, men det kan sparast ca 300.000 ved ein felles administrasjon. Det som talar for ei slik samanslåing, er at vi får ein betre samanheng i læringsløpet, og at overgangen mellom 4. og 5. klasse kan gjerast betre. Det som talar i mot ei slik samanslåing, er storleiken på skulen og at det kan bli vanskelegare for rektor å vere «tett på» den enkelte lærar og elev.

Rådmann tilrår at Flatene og Halbrend vert haldne oppe som separarate skular, og at Flatene 1.- 4. klasse og Halbrend 5.- 7. klasse får felles kringsgrenser, og at dei vert som i dag. Det ligg likevel eit potensiale for innsparing i denne modellen som alternativ til dei framlegga som rådmannen kjem med.

Modellane D 1-D4 Førde barneskule

Førde barneskule har ein vekst i elevtalet og vil få ny auke gjennom utbyggingane av Hafstad bydel og dei andre områda i denne krinsen. I skulebruksplanen frå 2001 var det ein føresetnad for at Vieåsen sør skulle regulerast til Førde barneskule. Dette som ein konsekvens av at Vie skule ikkje vart bygd, og at Førde barneskule vart utbygd til full 2 parallellar skule. I planen krev både modell D1, heile Vieåsen sør til Førde barneskule, og D2, Vieåsen område 1 til Førde barneskule, utbygging av Førde barneskule for å få plass til elevane.

Modell D3, Vieåsen sør område 2 til Førde barneskule, gjev plass til elevane frå område 2 i Vieåsen sør, og denne modellen gjev også ei innsparing på frå kr 0 i 2013/14 til 1.7 mill i 2017/18. Denne modellen gjev ikkje plass til alle elevane frå dei nye bustadfelta i krinsen utan utbygging av skulen.

I ei vurdering av kva skular som skal byggast ut, er konklusjonen til rådmann at Førde barneskule ikkje har stort nok areal innanfor sine grenser til å få plass til ei vidare utbygging. Det vil også vere ei kortsiktig og heller dårleg løysing for framtida å regulere Vieåsen sør til Førde barneskule sjølv om det i planperioden kan gje ei

innsparing.

Modell D 4 inneber at Bruland vert regulert til Sunde skule. I eksisterande plan frå 2001 var det ein føresetnad for at Sunde skule vart bygd ut i staden for Vie skule, at Bruland skule skulle tilhøyre Sunde krins. Dette vil også vere ei god og framtidretta løysing for å få ein god og framtidretta skulestruktur i Førde. Ei naturleg delingsgrense kunne vere ein framtidig trase for E39.

Ei flytting av Bruland til Sunde vil gje noko innsparingar på Førde barneskule i denne perioden. Flyttinga vil også gje fleire nye klassar knytt til Sunde skule, sjå omtale av denne modellen samstundes som skulen må byggast ut Rådmann vil difor tilrå at Bruland i denne planperioden framleis skal høyre til Førde barneskule.

Konklusjonen er at rådmann tilrår at Førde barneskule held fram med dei kringsgrensene skulen har i dag. Den «ledige» kapasiteten ved skulen vert nytta til elevane frå dei nye bustadfelt i krinsen. Innsparingane på kort sikt som ligg i å flytte Vieåsen Sør område 2 må likevel vurderast som alternativ til dei framlegga som rådmann kjem med. Det same kan Bruland til Sunde dersom Sunde vert bygd ut.

Modellane E1 –E6 Slåtten skule

Desse modellane inneheld ulike alternativ der deler av Vieåsen Sør vert flytta til Førde barneskule. Nokre av modellane inneber også at Angedalen vert regulert til Slåtten.

Modell E1, utan Vieåsen sør, gjev ei innsparing på ca 0.8 mill i årleg innsparing i snitt, men krev minst 3 nye klassar på Førde barneskule.

Modell E2, utan Vieåsen sør område 2, gjev ei innsparing på ca 1.2 mill årleg, men krev minst 3 nye klasserom på Førde barneskule.

Modell E3, utan Vieåsen sør område 2, gjev ei innsparing på i snitt ca 800.000 pr år i perioden og kan gjennomførast utan utbygging på Førde barneskule. Konsekvensen vil då vere at det ikkje er plass til elevane frå nye bustadfelt som Hafstad bydel, og når desse kjem vil det likevel krevje utbygging.

Slåtten skule har vore sprengd ei stund, og med auke i elevtalet vert det behov for utbygging av skulen.

Rådmannen si tilrår at Slåtten skule er den skulen som bør byggast ut i denne perioden, og då til ein fullverdig 3 parallellar skule for å dekke vidare utbygging i dette området.

Skulen får då også kapasitet til å ta i mot elevane frå Angedalen. Dette vil gje ei innsparing på ca 2.15 mill kvart år i perioden, og vil då dekke det innsparingskravet som ligg i bystyret sine vedtak. Det er likevel viktig å vere klar over at desse innsparingane kan endre seg fort dersom det kjem nye elevar på bestemte årssteg.

Modell F Angedalen skule vert slegen saman med Slåtten skule

Dette er det same som Modell E 4 for Slåtten skule. I denne modellen vil ein spare 2-3 klassar, og innsparinga vil bli i gjennomsnitt på ca 2.14 mil, og vil dekke

innsparingskravet som bystyret har sett. I dette ligg ei innsparing på ca 2.020 mill på redusert klassesetal, auka skysskostnader i snitt på ca 160.000 og ei innsparing på 280.000 på drift av skulelokala.

Føresetnaden for å velje denne modellen er at Slåtten skule vert utvida i samsvar med punktet over.

Konsekvensane av å velje denne modellen er at Angedalen skule vert nedlagt og heile Angedalen vert ein del av Slåtten skulekrins.

Høyringsuttalen frå Angedalen får godt fram dei negative momenta som denne modellen vil få for Angedalen. Elevane vil få i gjennomsnitt 6-7 km lenger skuleveg, og mange vil heller ikkje kunne gå til skulen lenger. Elevane vil likevel få eit like trafikksikkert tilbod som dei har i dag.

Elevane på Angedalen skule har eit godt pedagogisk tilbod, men dei vil ved Slåtten skule få eit like godt tilbod som i dag. For nokre elevar vil konsekvensen av å vere i ein større klasse, vere at dei må få spesialundervisning der skulen i dag klarar å gje dette tilbodet innanfor ramma av tilpassa opplæring p.g.a. at elevtalet i klassane ved Angedalen skule er lågt.

For bygda vil det nok opplevast som dramatisk å misse skulen som samlingslokale, og bygda vil nok ha problem med å drifte desse lokala med eigne midlar. I forslaget er ikkje heile summen til drift av lokal teke vekk, og kommunen vil legge til rette for at lokala framleis skal vere i bruk. Her kan annan kommunal aktivitet som t.d. barnehage vere eit alternativ som må vurderast dersom framtidige behov skulle tilseie det.

Når rådmannen vel å tilrå denne modellen er det som sagt ut frå at det er valt å bygge ut Slåtten skule. Slåtten vil då ha plass til elevane frå Angedalen og modellen vil stette innsparingskravet.

Eit anna moment er at Angedalen skule er den av krinsskulane som ligg nærast til ein av sentrumsskulane. Avstanden mellom Angedalen skule og Slåtten er ca 6 km. På denne strekninga ligg det også potensielle utbyggingsområde som gjer at det på sikt kan kome samanhengande bustadområde i området mellom skulane. Dette er moment som talar for at denne løysinga vil vere framtidsretta samstundes som den stettar kravet til innsparing.

Angedalen er også den einaste av krinsskulane saman med Frøysland som ikkje har barnehage. Ved å velje denne modeller får ei nedlegging heller ikkje konsekvensar for drift av barnehage.

Modell G Sunde skule.

Eit alternativ til å bygge ut Slåtten skule, kan vere å bygge ut Sunde skule for å få plass til evt. Bruland og Holsen. For å få plass til Holsen vil det krevje eit utbygging på 2 klasserom. Dersom Bruland også skal regulerast til Sunde vil det store usikkerheitsmomentet vere kva som skjer med Pinndalen. Slik rådmannen vurderer det, så må det då truleg byggast 1-2 klasserom til, og det må også gjerast noko med spesialromma.

Ei flytting av Holsen til Sunde vil gje ca 1 mill i innsparing avhengig av kva som skal skje med bygningane på Holsen. Ei flytting av Bruland til Sunde vil ikkje gje noko innsparing på Førde barneskule. Ei flytting av Bruland åleine til Sunde vil generere ein auka kostnad på Sunde på ca 1.55 mill pr år, men dersom Holsen vart flytta samstundes kunne det gje ei samla innsparing på 800.000 årleg dersom dei borna frå Bruland som alt er byrja på Førde barneskule fekk halde fram der som ei overgangsordning.

Rådmann konkluderer med å tilrå at Sunde skule ikkje vert utbygd i denne omgang, og at denne krinsen held fram med dagens krinsgrenser. Kva som skal skje i denne delen av Førde kan ein så ta opp til ny vurdering ved neste rullering av skulebruksplanen når ein ser korleis utviklinga vert i dette området.

Men ei justering av grensene i dette området kan vere eit alternativ til det framlegget som rådmann har tilrådd.

Modell H Holsen slegen saman med Sunde.

Ei nedlegging av Holsen og overføring av elevane til Sunde, vil gje ei innsparing på 1 klasse. Innsparinga vil då ligge på ca 800.000 årleg.

Elevane på Holsen skule får i dag eit godt pedagogisk tilbod, og krinsen har elles ei naturleg geografisk avgrensing. Det kunne likevel tenkjast at ei overføring av elevane frå Holsen til Sunde, vil kunne gje ein betre skulestruktur på sikt. Det viktigaste her ville vere at ein fekk eit sterkare og meir robust fagmiljø for elevane.

Det som tel i mot ei slik løysing er at det er barnehage med 2 avdelingar knytt til skulen, og at den ville bli dyrare og meir sårbar utan skulen. Bygda ville også ha problem med å kunne halde fram med å drifte bygget som grendahus utan at kommunen er inne som huseigar gjennom skuledrifta. Elles gjeld dei same konsekvensane for Holsen som for Angedal.

Sunde skule har i dag ikkje plass til elevane frå Holsen utan ei utbygging på fleire klasserom. Rådmannen har tilrådd at Sunde skule ikkje vert bygd ut i denne omgang. Det er likevel eit moment at ein kan spare noko av investeringane knytt til Arbeidstilsynet sine krav.

Rådmann tilrår difor at Holsen skule vert halden oppe som eigen skule med dei same krinsgrensene som no. Ein viktig premis er her også at det er viktig å halde oppe dei 2 barnehageavdelingane knytt til skulen for å sikre full barnehagedekning i Førde. Det kan likevel vere eit alternativ å gjere noko med denne skulekrinsen, og då som eit alternativ til dei tilrådingane rådmann har kome med.

Modell I Frøysland vert slegen saman med Holsen.

Ei overføring av elevane frå Frøysland til Holsen vil gje ein reduksjon på 2 klassar. Innsparinga vil då ligge på ca 1.750.000 i gjennomsnitt kvart år. I tillegg til innsparinga i klassetal, er det då rekna med ca 250 000 i innsparing på drifta og ca 150.000 i ekstra skysskostnader.

Konsekvensane av ei nedlegging av Frøysland skule vil vere store for bygda, og det er kome godt fram i ulike høyringsuttaler frå bygda. Konsekvensane for Frøysland vert elles mykje dei same som for Angedalen, men likevel med det unnataket at avstanden her er mykje lenger til sentrum.

Pedagogisk gjev Frøysland skule i dag elevane eit godt tilbod. Det kan likevel vere ein styrke at denne modellen gjev eit større miljø for elevane. På den andre sida kan større klassar gje einskilde elevar større læringsutfordringar, og krevje meir spesialundervisning. Det som likevel er den største utfordringa er den lange skulevegen med ein fjellovergang. Særleg for dei minste vil dette føre til ei større belastning i skulekvardagen.

Konklusjonen er difor at rådmann tilrår at Frøysland skule held fram med dei same krinsgrensene som no.

Modell K Justering av krinsgrensene på ungdomssteget.

Det er ikkje noko endring i kostnadane med drift av ungdomsskulesteget om ein justerer grensene i tråd med framlegga i Modell K. Konsekvensen er likevel at ein utnyttar ledig kapasitet på Halbrend skule og slepp utbygging av Førde ungdomsskule.

I høyringsprosessen tilrådde Karstad at deira ungdomsskuleelevar skulle gå på Halbrend, medan dei andre hadde ikkje noko kommentar til dette.

Vurderinga er då kvar ein skal setje grensene. Alle elevane frå Frøysland, Holsen, Sunde og Karstad må ha skyss for å kome til ungdomsskulen. Elevane frå Karstad får noko kortare veg til Halbrend enn til Førde ungdomsskule, mendan elevane frå Frøysland, Holsen og Sunde får litt lenger skuleveg. Dette er likevel så lite at det ikkje har avgjerande konsekvensar.

Rådmann tilrår difor at elevane frå Frøysland, Holsen, Sunde og Karstad får Halbrend som sin ungdomsskule, og at krinsgrensene for ungdomssteget vert justert tilsvarande.

Modell E8 Flytting av 7. steget frå Slåtten til Førde barneskule.

Denne modellen vil ikkje gje innsparingar før i 2017/18, og då med 1 klasse det året. Samstundes kan denne modellen gjere at vi får frigjort plass ved Slåtten til å ta i mot elevane frå Angedalen før ei utbygging er på plass.

Dei pedagogiske konsekvensane av ein slik modell er likevel ikkje gode. Her må elevane skifte skule for 1 år før dei skal over på ungdomsskulen og vil krevje at ein gjennomfører den etableringa av ungdomsskuleklassane som no skjer på Førde ungdomsskule alt i 7. klasse. Dette vil også medføre skifte av lærarar, og dei lærarane som skal ha klassane på u.steget får ikkje høve til å jobbe med etableringa av klassemiljøet i denne viktige overgangsfasen frå barnesteg til u.steg.

Rådmannen kan difor ikkje tilrå denne modellen. Men den kan likevel vere eit alternativ som kan vurderast for å oppnå innsparingskravet raskare.

OVERGANGSORDNINGAR

Ved alle endringar av denne dimensjon, er det viktig at det er etablert gode og forståelige overgangsordningar. Rådmannen har difor laga eit framlegg til slike overgangsordningar som skal leggest til grunn der det skjer endringar i skulestrukturen.

1. Dersom skular vert vedtekne lagt ned, så vert alle elevane overført til ny skule frå det tidspunkt bystyret har vedteke.
2. Justering av kringsgrenser mellom skulane_
 - Fleksible ordningar for dei elevane som alt har teke til på den skulen elevane vert flytta frå
 - Foreldra kan søkje om å halde fram på den skulen elevane har starta på
 - Foreldra kan søkje om at yngre søsken kan få starte på same skule som eldre søsken går på
 - Desse ordningane er kurante dersom det ikkje medfører nye klassar
 - Dersom det medfører nye klassar må saka leggest fram til politisk handsaming
 - Rådmann må i alle saker ta atterhald om at politiske vedtak kan endre etablert praksis
 - I alle saker som får avslag kan det klagast til klageutvalet i kommunen og til Fylkesmannen.

KONKLUSJON

Rådmann vil igjen minne om at kostnaden til mange av dei tiltaka som ligg i planen kan endre seg som konsekvens av flytting internt i kommunen og ved ny tilflytting. Ein del plassar er det berre 1 elev frå eller til som endrar heile reknestykket. Vi har no lagt til grunn oppdaterte tal frå 01.01.2013 og at det difor har skjedd endringar i dei ulike modellane frå planen vart lagt ut i november.

Rådmann vil difor minne om at ein i denne planen også må ha fokus på kva som er framtidsretta tiltak ,og at det må henge saman med handsaminga av både arealplanen og kommuneplanen sin samfunnsdel.

På bakgrunn av dette tilrår rådmann at skulestrukturen i Førde skal bygge vidare på dei prinsippa som vart fastsette i gjeldane plan, og at det skal vere 4 skulekrinsar i sentrum ; Flatene/Halbrend, Førde barneskule, Slåtten og Sunde. I tillegg kjem dei krinsskulane som er tilrådd vidareført.

Som ein konsekvens av dette tilrår rådmann etter ei samla vurdering at det i denne planen vert lagt til grunn at Slåtten skule skal byggast ut til full 3 parallell skule for å ha plass til vidare utbygging i dette området. Ei utbygging av Sunde skule kunne vore eit alternativ, men rådmann tilrår at det ikkje vert utbygging på den skulen no. Rådmannen kan heller ikkje tilrå ei vidare utbygging av Førde barneskule av omsyn til at det på denne skulen er knapt med areal.

På denne bakgrunn tilrår også rådmann at Førde barneskule held fram med dei same kringsgrensene som i dag. Bakgrunnen er at all ledig kapasitet på skulen trengst for å ha plass til auka utbygging i dette området.

For å dekke kravet til innsparing og samstundes få ein framtidretta skulestruktur gjer rådman framlegg om å flytte Angedalen skule til Slåtten slik at Slåtten skulekrins vil omfatte noverande Slåtten krins og Angedalen krins. Dette gjev ei innsparing på 2.14 mill og dekker innsparingskravet

Rådmannen tilrår også at Flatene /Halbrend held fram med same kringsgrenser som no, og at dei også held fram som 2 separate skular
Rådmanne tilrår også at dei andre skulane held fram med same kringsgrenser som no.

For ungdomssteget tilrår rådmann at Førde ungdomsskule har eit opptaksområde som omfattar noverande Førde barneskule, Slåtten og Angedalen. Halbrend sin ungdomsskulekrins skal omfatte noverande grenser for Frøysland, Holsen, Sunde og Karstad i tillegg til noverande Halbrend skulekrins. Denne krinsen får difor ulike kringsgrenser for barnesteget og ungdomssteget. Sidan det ikkje ligg innsparing i desse justeringar, vert den nye krinsordninga for ungdomssteget vert sett i verk frå 01.08.2014.

For å dekke innsparingskravet kunne ein tenkt seg alternativ med utbygging av Sunde, Flytting av Bruland til Sunde, Flytting av Vieåsen sør 2 til Førde barneskule og ei samanslåing av Flatene og Halbrend til ein skule. På bakgrunn av dei konsekvensane som er skissert i saka vil ikkje rådmann tilrå ei slik løysing.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prinsippet om at skulane Flatene /Halbrend, Førde barneskule, Slåtten og Sunde skal vere dei 4 sentrumsskulane i Førde, vert ført vidare.
2. Angedalen skule vert nedlagt og elevane overført til Slåtten skule med verknad frå 01.08.2013
3. Kringsgrensa for nye Slåtten skule vert dei same som noverande Slåtten krins og Angedalen krins.
4. Dei andre barneskulane held fram med same kringsgrenser som no
5. Kringsgrensene for ungdomsskulesteget vert justert slik at elevane frå noverande Frøysland, Holsen, Sunde, Karstad og noverande Halbrend vert den nye kringsgrensa for ungdomssteget på Halbrend. Førde ungdomsskule si kringsgrense vert Førde barneskule, Slåtten og Angedalen sine kringsgrense.

Dette vert sett i verk frå 01.08.2014.

6. Slåtten skule vert bygd ut i tråd med det framlegget som ligg i saksutgreiing datert 07.02.2013. Rådmann får fullmakt til å starte arbeidet med å utgreie

rombehov og kostnader. Endeleg plan vert å legge fram for bystyret.

7. Rådmann får også fullmakt til å finne tenleg overgangsløysingar for Slåtten fram til utbygginga er på plass.

Handsaming i Planutvalet 14.02.2013:

Framlegg til vedtak frå Norvall Nøringset (SV):

Punkt 2 og 3 i framlegget frå rådmannen vert stroke, og pkt. 4 vert endra slik: Barneskulane held fram med same kringsgrense som no.

Framlegg til endring av pkt. 7:

Rådmann får også fullmakt til å finne tenleg overgangsløysingar.

Avrøysting:

Pkt. 1 vart samrøystes vedteke

Pkt. 2, 3 og 4 vart vedteke mot to røyster (SP og SV)

Pkt. 5, 6 og 7 vart samrøystes vedteke

PLAN-008/13 Vedtak:

1. Prinsippet om at skulane Flatene /Halbrend, Førde barneskule, Slåtten og Sunde skal vere dei 4 sentrumskulane i Førde, vert ført vidare.
2. Angedalen skule vert nedlagt og elevane overført til Slåtten skule med verknad frå 01.08.2013
3. Kringsrensa for nye Slåtten skule vert dei same som noverande Slåtten krins og Angedalen krins.
4. Barneskulane held fram med same kringsgrenser som no.
5. Kringsrensene for ungdomsskulesteget vert justert slik at elevane frå noverande Frøysland, Holsen, Sunde, Karstad og noverande Halbrend vert den nye kringsrensa for ungdomssteget på Halbrend. Førde ungdomskule si kringsgrense vert Førde barneskule, Slåtten og Angedalen sine kringsgrense.

Dette vert sett i verk frå 01.08.2014.

6. Slåtten skule vert bygd ut i tråd med det framlegget som ligg i saksutgreiing datert 07.02.2013. Rådmann får fullmakt til å starte arbeidet med å utgreie rombehov og kostnader. Endeleg plan vert å legge fram for bystyret.
7. Rådmann får også fullmakt til å finne tenleg overgangsløysingar.

Handsaming i Bystyret 28.02.2013:

Framlegg til vedtak frå SV:

Punkt 2 og 3 i framlegget frå rådmannen vert stroke.

Felles framlegg til vedtak frå FrP og SP:

Som overgangsordning for Angedalen skule skal Angedalen skule oppretthaldast til Slåtten skule er ferdig utbygd som 3-trinns skule.

Framlegg til nytt pkt. 8 frå Arbeiderpartiet:

Før vedtaket vert sett i verk kjem rådmannen tilbake til Bystyret med ein plan om korleis innføring av samanslåinga av Angedalen skule og Slåtten skule skal skje.

Avrøysting:

Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 og 3 vart vedteke med atten røyster. Ni røysta imot.

Pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 5 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 6 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 7 vart samrøystes vedteke.

Pkt. 8 Arbeiderpartiet sitt framlegg fekk nitten røyster og vart vedteke. Åtte røysta for fellesframlegget frå FrP og SP.

BY-001/13 Vedtak:

1. Prinsippet om at skulane Flatene /Halbrend, Førde barneskule, Slåtten og Sunde skal vere dei 4 sentrumskulane i Førde, vert ført vidare.
2. Angedalen skule vert nedlagt og elevane overført til Slåtten skule med verknad frå 01.08.2013.
3. Kringsrensa for nye Slåtten skule vert dei same som noverande Slåtten krins og Angedalen krins.
4. Barneskulane held fram med same kringsrenser som no.
5. Kringsrensene for ungdomsskulesteget vert justert slik at elevane frå noverande Frøysland, Holsen, Sunde, Karstad og noverande Halbrend vert den nye kringsrensa for ungdomssteget på Halbrend. Førde ungdomskule si kringsrense vert Førde barneskule, Slåtten og Angedalen sine kringsrense.

Dette vert sett i verk frå 01.08.2014.

6. Slåtten skule vert bygd ut i tråd med det framlegget som ligg i saksutgreiing datert 07.02.2013. Rådmann får fullmakt til å starte arbeidet med å utgreie rombehov og kostnader. Endeleg plan vert å legge fram for bystyret.
7. Rådmann får også fullmakt til å finne tenleg overgangsløysingar.
8. Før vedtaket vert sett i verk kjem rådmannen tilbake til Bystyret med ein plan om korleis innføring av samanslåinga av Angedalen skule og Slåtten skule skal skje.

Førde, den 07.02.2013

Ole John Østenstad
Rådmann

Helge Sæterdal
Kommunalsjef
Tlf. 57722051